

**Utkast****PROTOKOLL****Representantskapet Region Nordhordland Helsehus IKS****Møte: 2-2016****Tid: Fredag 2. desember 2016 kl. 10:00 - 11:00****Stad: Nordhordland Utviklingsselskap IKS, møterom****Til stades:**

Ordfører:	Karstein Totland, Jon Askeland, Hallvard Oppedal, Jarle Skeidsvoll, Øyvind Oddekalv, Stian Herøy, Tom Kristian Thorsen, Per Lerøy, Astrid Aarhus Byrknes
Rådmenn:	
Styret RNHI:	Håkon Matre
RNHI:	Rune Heradstveit
Forfall:	

<b>Sak 9/16</b>	<b>Godkjenning møteinnkalling og sakliste</b>  <b>Forslag til samrøystes vedtak:</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.
<b>Sak 10/16</b>	<b>Val av to representantar i tillegg til leiar for underskriving av protokoll</b> x og x vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.
<b>Sak 11/16</b>	<b>Godkjenning møteprotokoll Representantskap 1-2016</b>  <b>Forslag til samrøystes vedtak:</b> Møteprotokoll frå Representantskap 1-2016 vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 12/16</b>	<b>Val av styremedlem til RNHI – 2017 – 2018 (vedlegg)</b> Etter selskapsavtalen sit styret sit i to år om gongen. Sitjande styre vart oppnemnt for perioden 2015-2016. Det skal derfor veljast nytt styre. Styremedlem Anne-Grete Strøm-Erichsen ynskjer å gå ut av styret. Dei andre styremedlemmene har stilt seg til disposisjon for ny periode.  <b>Valnemnda sitt framlegg til nytt styre er:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Håkon Matre, styreleiar</li><li>• Torbjørn Nævdal, nestleiar</li><li>• Rita Tveiten, styremedlem</li><li>• Steinar Hunskaar, styremedlem</li><li>• Solfrid Olsen Farestveit, styremedlem</li></ul> <b>Forslag til samrøystes vedtak:</b> Representantskapet vel følgjande styre for to år – 2017 – 2018 <ul style="list-style-type: none"><li>• Håkon Matre, styreleiar</li><li>• Torbjørn Nævdal, nestleiar</li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rita Tveiten, styremedlem</li> <li>• Steinar Hunskår, styremedlem</li> <li>• Solfrid Olsen Farestveit, styremedlem</li> </ul>
<b>Sak 13/16</b>	<p><b>Fastsetjing av godtgjersle til styret (vedlegg)</b></p> <p>Valnemnda føreslår at satsane for styrehonorar vert vidareført slik dei er i dag.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Styreleiar: kr 50 000</li> <li>• Nestleiar og medlem: kr 25 000</li> </ul> <p>Dersom ein representant har delteke på mindre enn 50 % av styremøta vert honoraret redusert til minimum 50 %. Reiseutgifter vert dekkja etter statens regulativ.</p> <p><b>Forslag til samrøystes vedtak:</b></p> <p>Satsane for styrehonorar vert vidareført slik dei er i dag.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Styreleiar: kr 50 000</li> <li>• Nestleiar og medlem: kr 25 000</li> </ul> <p>Dersom ein representant har delteke på mindre enn 50 % av styremøta vert honoraret redusert til minimum 50 %. Reiseutgifter vert dekkja etter statens regulativ.</p>
<b>Sak 14/16</b>	<p><b>Status for byggjeprojektet</b></p> <p>Styreleiar og dagleg leiar orienterte om status for projektet.</p> <p>Når forprojektet er ferdig vil det ligge føre ein meir detaljer kalkyle for projektet. Det kan påverka behovet for å endra låneramma. Det vil då vera naudsynt at Representantskapet vedtek ei ny låneramme som så igjen må godkjennast av eigarkommunane. Det vil derfor bli kalla inn til eit nytt møte i Representantskapet i februar/mars månad der revidert budsjett og låneramme vert tema.</p> <p><b>Forslag til samrøystes vedtak:</b></p> <p>Representantskapet tok gjennomgangen av status for byggjeprojektet til orientering. Det vil vere behov for eit møte i representantskapet når ein oppdatert kalkyle for projektet ligg føre.</p>
<b>Sak 15/16</b>	<p><b>Godkjenning av budsjett 2017 og økonomiplan 2017-20 for RNHI (vedlegg)</b></p> <p><b>Styret sitt forslag til vedtak i representantskapet:</b></p> <p>Representantskapet godkjenner framlagt budsjett for 2017 og økonomiplan for 2017-2020.</p> <p><b>Forslag til samrøystes vedtak:</b></p> <p>Representantskapet godkjenner framlagt budsjett for 2017 og økonomiplan for 2017-2020.</p>

Knarvik, 2. desember 2016

Karstein Totland  
 Leiar Representantskapet  
 Region Nordhordland Helsehus IKS

x  
 Medlem Representantskapet  
 Region Nordhordland Helsehus IKS

x  
 Medlem Representantskapet  
 Region Nordhordland Helsehus IKS